

# Digoksin i serum

Lanoxin, Digoxin

## Bakgrunn

Digoksin er eit digitalisglykosid som vert brukt ved nokre typar hjartesvikt og ved kroniske supraventrikulære arytmiar med rask ventrikkelfrekvens. Halveringstid av digoksin i plasma varierer med alder og nyrefunksjon.

## Indikasjonar

Rutinekontroll, terapivikt, biverknad, forgifting og doseendringar.

## Prøvemateriale



0,5 ml serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetting.  
Haldbarheit serum: 4 døgn.

For å vurdere terapeutisk område bør prøven takast slik at botnkonsentrasjonen blir målt, dvs. rett før neste dose, og når konsentrasjonen er i likevektstilstand, dvs. 8 døgn etter siste dosejustering hos vaksne med normal nyrefunksjon.

## Terapeutisk område

0,6 – 1,3 nmol/L

## Tolkingar

Terapeutisk område for bruk av digoksin gjeld ved hjertesvikt med sinusrytme. Høgare serumkonsentrasjonar kan vere nødvendig ved andre indikasjonar.

Der er ei betydeleg overlapping mellom terapeutisk og toksisk område pga interindividuelle forskjellar. Risiko for toksisitet blir antatt å auke betydeleg ved digoksinkonsentrasjonar > 2,5 – 3,0.

Mange legemiddel kan påverke serumkonsentrasjonen av digoksin og ein må vere merksam på risiko for interaksjonar.

s-Digoksin > 2,6 nmol/L vil bli forsøkt varsla.

**Feilkjelde:** Unngå langvarig stase.